



Hemsedal kommune

NVE - Oslo  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
	15/01038-11	02.10.2018

## Innspel frå Hemsedal kommune til forslag om Nasjonal ramme for vindkraft

Hemsedal kommune syner til brev frå NVE, motteke 11.06.18. NVE ber kommunen om faglege innspel av overordna karakter i samband med å finne dei best egna områda for vindkraft på land. I den førebelse analysa NVE har gjort ligg store delar av Hemsedal kommune innanfor analyseområde 7, saman med område i Vang kommune, Vestre-Slidre kommune, Lærdal kommune og Årdal kommune.

Områda som står att for vidare vurdering av NVE etter harde og mjuke eksklusjonar er i korte trekk områda nord for Rv. 52, aust for Bjøberg i vest til Høgeloft i nord og Skogshorn i søraust (sjå figur 1).

### Hemsedal kommune sine innspel kan på overordna nivå verte skildra i 2 hovudpunkt:

- Den kommersielle masseturismen, nasjonal og internasjonal, er basert på dei naturgitte føresetnadane Hemsedal har, det vere seg samanhengande fjellområde med eit levande kulturlandskap ikring. Heilt sidan dei fyrste masterplanane for reiseliv/ turisme vart vedteken på 1990/2000 talet har Hemsedal sin natur og variasjon vore ein sentral del av kvifor ein har satsa tungt innan dette. Den urørte fjellnaturen har vore, og er, framleis grunnlaget for at Hemsedal er ein av dei største reiselivsdestinasjonane i Norge.
- Nordsida i Hemsedal kommune, frå Skogshorn til Høgeloft er i kommuneplanens samfunnsdel til Hemsedal kommune 2009 - 2021 «verna» mot utbygging og inngrep. I den grad det er usikkert kva som inngår i «Nordsida» så er det områda nord for Rv. 52 i Hemsedal kommune. I samfunnsplanen er «inngrepsvernet» poengtert både under *utbyggingsstrategi* og *miljø*. Som ein konsekvens av «vernet» på nordsida har areala på sørsida vore gjenstand for ein meir tyngre utbygging, fyrst og fremst i form av utvikling av Hemsedal skisenter, hyttefelt og reiselivsbedrifter. Framlegg til analyseområde er i klar

konflikt med kommunen sin utbyggingspolitikk siste 20-30 år der nettopp «Nordfjella» skal vere urørt, som ein «kompensasjon» ifht den tyngre reiselivsutbygging omkring Hemsedal Skiheisen/ Fjellandsbyen, sør for RV52.



Figur 1. Analyseområda i Hemsedal kommune etter harde og mjuke eksklusjonar. Kjelde: NVE

#### Underpunkt:

- Friluftslivskartlegging. Hemsedal kommune har eit pågåande arbeid med kartlegging av friluftslivsområder, og sjølv om hovudfokuset i denne kartlegginga er nærfriluftslivsområder er også dei store fjellområda teke med. Endeleg verdisetting er ikkje slutført, men på bakgrunn av dei fastsette verdikriteria Miljødirektoratet har laga vil områda med blant anna stor regional og nasjonal bruk få høg verdi (svært viktig). Gjennom TOPP-20 programmet til Hemsedal turisttrafikklag er det lag til rette for godt skilta og merka turmål (fjelltoppar), der mange ligg innanfor analyseområdet.
- Nasjonal turiststi. Destinasjonsselskapet i kommunen har eit pågåande arbeid om å fremje søknad til Miljødirektoratet. Det vil då vere Skogshorn og stigen dit som er kandidaten.
- Verneområder. Forutan Hydalen landskapsvernområde (som er ein del av dei harde eksklusjonane i figur 1) er det eit fjellområde til som er ilagt strenge restriksjonar for

arealinnngrep innanfor analyseområdet. Det er Holstein-Fjellstølane, eit område som på initiativ frå grunneigarane vart verna som naturvernområde i 1988.

- Vasskraftutbygginga sin påverknad på landskapet

Innanfor kommunens sine grenser ligg det føre fleire konsesjonar for vasskraftutbygging, og som har endra landskapsbiletet for alltid. Konsesjonane er Hemsil-vassdraget og Brekkefoss.


- Verna vassdrag

Innanfor analyseområdet inngår fleire verna vassdrag:

*Skogshornområdet* 012/9; her vert landskapet trukke fram som attraktivt og viktig for friluftslivet. <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/verneplan-for-vassdrag/buskerud-og-vestfold/012-9-skogshornområdet/>

*Grøndøla* 012/10; Vassdragets varierte elveløp er sentrale delar av eit attraktivt og kontrastrikt landskap som i hovudsak ligg over skoggrensa. <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/verneplan-for-vassdrag/buskerud-og-vestfold/012-10-grondola/>


*Mørkedøla* 012/32; Vassdragets elver og vann er sentrale delar av eit variert og kontrastrikt landskap som i stor grad ligg i høgfjellet. <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/verneplan-for-vassdrag/buskerud-og-vestfold/012-32-Morkedola/>



Figur 2. Holstein-Fjellstølane naturvernområde (skravert i midten).

- Omsynssone for drikkevatt

I figur 3 er nedslagsfelt for drikkevann, og den skraverte sona er da omsynssone.



Figur 3. Omsynssone for drikkevann.

- Tamrein.

Filefjell tamreinlag disponerer analyseområdet som beiteområde.

- Rovfugl

Kjelder frå Naturvernforbundet viser til at det er flere hekkelokalitetar for Kongeørn innanfor analyseområdet. Det same gjeld for rype, våk, hauk.

Me peiker elles på dei negative sidene ved landskapsfragmentering, at det kan skape hindring av viktige trekkruiter og elles leie til fortrenkingseffekter for vilt.

Vær venleg å ta kontakt dersom noko er uklart.

Med helsing

Jørn Magne Forland  
Miljøvernrådgjevar

Godkjent og ekspedert utan underskrift

Mottakare:  
NVE - Oslo, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Kopi til:  
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE, Postboks 3563, 3007 DRAMMEN  
FYLKESMANNEN I BUSKERUD (2), POSTBOKS 1604, 3007 DRAMMEN